

# Skifte av områdesjef i Gol/Hemsedal

Det har vore skifte av områdesjef i Gol/Hemsedal HV-område. Mekkel Rustberggard slutta etter 20 år, medan Ola Slaatto har tatt over. Begge har befalsutdanning frå Hæren.

Elles har dette vorte ein familietradisjon: Far til avstroppande o.sjef Per Herbrand Rustberggard har og vore områdesjef, og far til han som tek over, Engebret Slaatto, var områdesjef i 6 år. Fredag var det ei befalssamling, der Mekkel Rustberggard fekk gåver og takk for innsatsen i desse åra.

På biletet ser me Slaatto t.v. og Rustberggard.